

## MØTEINNKALLING

---

**Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen**

Medlemene av  
Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

**Måndag, 08.04.2019 kl. 16.05 i Formannskapssalen.**

#### SAKLISTE:

- Sak 05/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 12.02.2019
- Sak 06/19 - Førespurnad frå kommunestyrerepresentant Frank Sve. Systematisk brot på Stranda kommune sitt saksbehandlingsreglement.
- Sak 07/19 - Status omkring forvaltningsrevisjon av oppfølging av minoritetsspråklege barn i Stranda kommune, ref KU sak 02/19
- Sak 08/19 - Årsmelding 2018 Stranda kontrollutval

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post [bjorn.tommerdal@sksiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no).

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

## Sak 05/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 12.02.2019

### KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

#### MØTEBOK

Møtedato 12.02.2019 kl. 16.05

Møtestad: Formannskapssalen, kommunehuset

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Ole Jørgen Sve, Anne Melgaard Tårn, Eva Rinde Habostad og Liv Jorunn Sørheim (vara).

Meldt forfall: Helge Kvame

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte revisor Svein Ove Otterlei.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

#### Sak 01/19 Godkjenning av møtebok frå møte 22.11.2018

##### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 22. november 2018 blir godkjent.

---

#### Sak 02/19 - Prosjektplan frå Kommunerevisjon 3 til forvaltningsrevisjon

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 2. februar 2019

##### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet set i gang arbeidet med ein forvaltningsrevisjon av oppfølging av minoritetsspråklege barn i Stranda kommune i samsvar med vedlagde prosjektplan.

---

#### Sak 03/19 - Ny kommunelov – nye reglar på området for kommunen sin eigenkontroll

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 2. februar 2019

##### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet har merka seg reglane i ny kommunelov når det gjeld området for den kommunale eigenkontrollen.
2. Kontrollutvalet ber kommunestyret ta saka til orientering.

---

**Sak 04/19 - Årsrapport 2018 – skatteoppkrevjaren i Stranda kommune**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 2. februar 2019

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek rapporten til vitande.

---

Møtet var slutt kl. 17.35

Inge Gjerde leiar	Ole Jørgen Sve medlem	Anne Melgaard Tårn medlem	Eva Rinde Habostad medlem	Liv Jorunn Sørheim varamedlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)

## **Sak 06/19 - Førespurnad frå kommunestyrerepresentant Frank Sve. Systematisk brot på Stranda kommune sitt saksbehandlingsreglement.**

Vedlegg:

- epost førespurnad frå Frank Sve datert 15. februar 2019
- lovlighetsklage datert 14. februar 2019

### **Sakstema:           Spørsmål om mangelfull saksbehandling i Stranda kommune**

Kontrollutvalet sin leiar har i februar d.å. mottatt ei henvending frå kommunestyrerepresentanten Frank Sve vedkomande saksbehandling i kommunen. Det som er mottatt er ikkje ei forvaltningsklage, men informasjon ulike faktiske tilhøve som Svei meiner utgjør regelbrot.

Henvendinga er stila til kontrollutvalet i Stranda og gjeld i hovudsak to område:

#### **1.    Spørsmål om brot på kommunalt reglement for saksbehandling**

Informanten påpeikar at det ofte vert gjort feil ved den kommunale saksgongen fordi saker ikkje vert behandla i politiske utval, men vert framlagde og avgjorde i formannskapet og kommunestyret utan behandling i det aktuelle hovudutvalet.

Det er hevda at dette er tale om avvik som skjer «systematisk», underforstått at det er tale om grunnleggjande feil som informanten meiner har vorte gjort over lengre tid.

Kontrollutvalet vert oppmoda om å undersøkje og vurdere desse spørsmåla.

#### **2.    Anførslar om saksbehandlingsfeil knytt til kommunestyresak 007/2019**

Sve viser for det første til denne konkrete saka som eit døme på at slike feil som er nemnd ovanfor blir gjort. Dernest er det peika på det informanten meiner er andre brot på regelverket som gjeld for behandling av saka. Kontrollutvalet vert oppmoda om å utgreie og vurdere desse.

Det kan nemnast at bakgrunnen for sak 007/2019 var at kommunar kan søkje støtte til klimatiltak som vert gjennomført og finansiert saman med andre, t.d. kommunale AS, IKS, næringsliv, organisasjonar og private. I denne saka vedtok kommunestyret at Stranda kommune skal søkje om slike midlar til klimatiltak.

Vedkomande denne søknadssaka peikar klagaren på følgjande element:

##### **2.1.   Feil saksgong**

Søknadene var ikkje behandla i hovudutvalet for Miljø- og kommunalteknikk (MK), til tross for at ein slik søknadsprosess fell inn under dette hovudutvalet sitt arbeidsområde.

Klagen tar opp dei uheldige verknadene av at reglementfesta saksgong på denne måten ikkje blir fylgt og syner også til at feilen kan verke inn på det endelege vedtaket sitt innhald.

Slik det vert framstilt har desse saksbehandlingsfeila pågått over lang tid og difor gjeld dei fleire saker.

## 2.2. Feil saksinformasjon er tilført saka

Når det gjeld den konkrete søknaden frå kommunen hevdar informanten Frank Sve at den er bygd på feil informasjon/saksopplysningar som administrasjonen har utleia anten frå kommunestyrevedtak eller kommunestyret si behandling.

I den konkrete søknaden som gjeld massivtre har dette ført til feilaktig gitte opplysningar om kva kommunestyret har vedtatt når det gjeld føresetnadene for bygging av ny brannstasjon.

## 2.3. Tvil om saka er tilstrekkeleg opplyst

Forvaltningsorgan har eit sjølvstendig ansvar for at ei sak er så godt opplyst som muleg før avgjerd vert tatt. Utgreiingsplikta vert gjerne definert som eit grunnleggjande saksbehandlingsprinsipp.

I henvendinga til utvalet er det reist tvil om tilstrekkeleg etterleving av desse prinsippa. Dette gjeld saksbehandlinga hjå både rådmannen, Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv og Stranda Hamnevesen KF.

## 2.4. Manglande saksbehandling når det gjeld finansiering og budsjettering

Det er samtidig vist til at søknadene i sak 007/2019 medfører store kommunale utgifter. Til tross for dette ligg det ikkje føre informasjon som viser korleis desse er tenkt finansiert i høve til budsjettet for 2019.

Sve viser i denne samanhengen til at kommunen er registrert i ROBEEK og dermed underlagt reglar for statleg godkjenning. Visse vedtak er då avhengige av fylkesmannen si godkjenning for å vere gyldige.

## 2.5. Om feilen kan ha hatt verknad for avgjerdene

Informanten Sve peikar på fleire tilhøve der han meiner at utilstrekkeleg saksvurdering kan ha medverka til ei form for press i retning av å måtte vedta kommunale eigendelar for ikkje å gå glipp av større tilskott.

Utvalet vert oppmoda om å gå gjennom kommunen sine utgreiingar av den økonomiske sida av prosjektet.

Med ein slik gjennomgong som representanten Sve krev vil det også vere naturleg å vurdere kva for innverknad eventuelle feil kan ha hatt på vedtak som er gjort, jfr. forvaltningslova § 41.

### 3. Kravet om lovlegkontroll etter kommunelova § 59

Ved brev av 14.02.2019 har tre kommunestyrerepresentantar sett fram krav om kontroll av den ovannemnde kommunestyrevedtaket i sak 007/2019.

I denne klaga er det anført grunnar som langt på veg er samanfallande med den ovanfor nemnde henvendinga som er retta til kontrollutvalet. I tillegg er tilhøvet til anskaffingsregelverket gjort til tema i lovlegklagen.

Tilhøvet til kommunale vedtak og den budsjettmessige sida, så lenge kommunen er registrert i ROBEK, er også framheva.

Lovlegklaga er send Stranda kommune. Saksgongen er slik at dersom kommunen opprettheld dei påklaga avgjerdene, sender kommunen saka til fylkesmannen for behandling, jfr. kommunelova § 59 nr. 2.

Det kan nemnast at for kommunar som er oppført i ROBEK, skal fylkesmannen for øvrig av eige tiltak lovlegheitskontrollere kommunestyret sine budsjettvedtak, jfr. kommunelova § 60.

Lovlegklaga inneheld også spørsmål om det ligg føre brot på lov om offentlege anskaffingar. Slike spørsmål kan imidlertid ikkje gjerast til gjenstand for lovlegkontroll, jfr. § 59 nr. 1, i.f.

### 4. Spørsmål om behandling for kontrollutvalet

I utgangspunktet er oppfyljing av kravet til forsvarleg saksbehandling mellom dei tilsyns- og kontrolloppgåvene som er sentrale for eit kontrollutval.

Kontrollutvalet sitt kontrollansvar omfattar prinsipielt ikkje kommunestyret. Men utvalet kan alltid uttale seg om lovlegheita av kommunestyret sine vedtak. Utvalet kan dessutan kontrollere om saker til kommunestyret er tilstrekkeleg utgreidde (jfr. Kontrollutvalsboka 2. utg. side 12).

Utvalet kan i høve dei spørsmåla som er reist difor velje å sjå nærare på spørsmålet om den kommunale saksbehandlinga, kva for feil som kan ha blitt gjort og uttale seg om kva verknader dei eventuelle feila bør ha for dei avgjerder som er tekne, samt for den vidare saksbehandlinga.

Ved ei slik eventuell vidare vurdering vil det vere nødvendig å få dei ulike tilhøva breiare / betre belyst og dokumentert. Ved å innhente nærare informasjon kan ein få klarlagt føresetnader og omstende for vedtaka og utdjupa tilhøve som klaga elles bygg på. Nærare avgrensingar vil sekretariatet vanlegvis vurdere under saksførebuinga.

Men langt på veg omhandlar **lovlegklaga** til fylkesmannen dei **same tema** som henvendinga til kontrollutvalet tek opp. Det er difor naturleg at spørsmålet om i kva grad kontrollutvalet skal gå inn i saka vert utsett til fylkesmannen si avgjerd ligg føre.

Spørsmål om eventuelt brot på anskaffingsregelverket vert ikkje behandla av fylkesmannen, men bør eventuelt også sjåast som ein del av klagen vedkomande saksbehandling.

Behandling av klaga med heimel i kommunelova § 59 vil også kunne tilføre nye opplysningar i saka. Andre sider som vedkjem dei spørsmåla som Frank Sve tar opp kan også bli belyst.

Kommunelova føreset at alt statleg tilsyn som er retta mot kommunen skal samordnast, jfr. § 60 e. Liknande omsyn tilseier at kommunal eigenkontroll ventar med å ta opp saker som allereie er under behandling som lovlegklager etter § 59. Tilsvarande prinsipp har vore lagde til grunn i kontrollutvalet for saker som anten står for administrative klageorgan, Sivilombodsmannen eller domstolane.

Saka vert etter dette lagd fram med slikt forslag til

**vedtak:**

Kontrollutvalet finn å ville avvente fylkesmannen si behandling av innsend lovlegheitsklage, datert 14.02.2019, før ein vurderer om dei spørsmåla som på same tid er reist om kommunal saksbehandling m.v. bør takast opp til behandling i utvalet.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar

Kjetil Kvammen  
juridisk rådgjevar



## Vedlegg:

**Bjørn Tømmerdal**

---

**Fra:** Evelyn Omenås <evom@stranda.kommune.no>  
**Sendt:** 15. februar 2019 14:32  
**Til:** Bjørn Tømmerdal  
**Emne:** Systematisk brot på saksbehandlingsreglement i Stranda kommune

Mvh.  
Stranda kommune  
Evelyn Omenås  
Leiar Servicekontoret  
Tlf. 464 11 006  
evom@stranda.kommune.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Frank Sve <Frank.Sve@mrfylke.no>  
Sendt: fredag 15. februar 2019 14:06  
Til: post@stranda.kommune.no; Inge Gjærde <ingdje@stranda.kommune.no>  
Kopi: Ole Jorgen Sve <olesve@stranda.kommune.no>  
Emne: Systematisk brot på saksbehandlingsreglement i Stranda kommune

Til kontrollutvalet i Stranda kommune

- Systematisk brot på Stranda kommune sitt saksbehandlingsreglement

Vi har i lenger tid sett fleire saker spesielt frå næringsavdelinga, der saker går forbi hovudutvalg og rett til FS eller kommunestyret.

Nokre av desse sakene har pga dette vorte stoppa, andre pressa igjennom av eit fleirtal i KS.

Sist møte i KS hadde vi to søknader i saker til behandling, i sak 007 som hadde gått direkte til FS utan å verte lagt fram for MK, som etter reglementet er det organ i Stranda kommune som har fått dette som arbeidsområde.

I søknaden om massivtre, står det at :

«KS har bestemt seg for at når ny brannstasjon skal byggjast, skal den vere i Massivtre.»

Eg ber kontrollutvalget undersøkte kva kompetent folkevalgt organ som har gjort vedtaket om dette?

Saka er hasta fram, utan å følge normal saksgang.

Det vert hevda at dette måtte ein gjere pga søknadsfrister, men saksbehandlinga syner ei omfattande behandling, også med andre partar over lengre tid.

Dette er noko som overhode ikkje dannar eit saklig grunnlag for å la vere normal saksgang i kompetente folkevalgte organ i kommunen jamf reglement.

Eg ber kontrollutvalget gå igjennom gjeldande reglement, og sørge for å gjere dette klart overfor rådmannen, og bringe ei klargjøring av dette til kommunestyret.

Eg ber også kontrollutvalget sjekke med Verdsarvstiftelsen og Stranda Hamnevesen KF, om det foreligger nødvendig saksbehandling og vedtak i saka, i dei gjeldande kompetente organ i desse organisasjonane.



Det er også svært alvorleg, at behandling av saker med store økonomiske konsekvenser, IKKJE er forankra i saksutgreiing frå rådmannen via økonomisjefen.

Dei økonomiske utfordringane og konsekvensane i sak 007, er på heile 1 800 000 kr, som er synleggjort i søknadene som Stranda kommune sin eigenandel.

I saka er det ikkje saksutgreiing på korleis denne eigenandelen på 1,8 mill kr er tenkt finansiert for budsjettåret 2019.

Ikkje ei kr av dette er lagt inn i verken budsjett 2019 eller i grunnlaget for oversending av budsjetter til godkjenning av fylkesmannen.

I alle andre saker som vi har hatt så lenge kommunen har vore i ROBEEK, skal fylkesmannen fyrst godkjenne slik pengebruk som er utover vedteke budsjett, før søknad eller tiltak vert sett iverk.

Etter informasjon frå rådmannen, har dette overhode ikkje vorte saksbehandla i kommunen ang økonomiske konsekvensar, som er eit krav i kommunelova , eller forelagt dette fylkesmannen til godkjenning.

Vi veit alle av erfaring, at dersom ein gjennom søknad får tilslag på større summer i tilskot, medfører dette eit enormt press på kommunestyrerepresentantane for å løyve det som skal til av eigenandelar.

Derfor er det svært viktig at alle slike økonomiske grunnlag, vert behandla i heilheit i ordinær budsjettbehandling.

Dersom Stranda kommune brukar millionbeløp ukritisk på dette stadium, kan dette i verste tilfelle medføre ei utsetjing av utmeldinga av kommunen i ROBEEK.

Eg ber kontrollutvalget granske dei økonomiske konsekvensane av denne saka, og korleis rådmannen har håndtert dette etter kommunelova som syner att alle relevante sider av ei sak skal utgreiast.

Det samme gjelder kommunen sitt økonomiregelverket, jamf godkjent og nødvendig saksbehandling, og nødvendig godkjent budsjett og økonomiforvaltning, som skal godkjennast av fylkesmannen.

Mvh

Frank Sve  
Kommunestyrerepresentant  
Stranda kommune

STRANDA KOMMUNE	Saksb. EINLIE
14 FEB 2019	
Saks 19/194-4	Journalp. 19/1643

## Lovlighetsklage etter paragraf 59 i kommunelova, ang vedtak i kommunestyresak, 007 i 2019 i Stranda kommunestyre den 13/2-2019.

Stranda: 14.02.2019

Tre kommunestyrerepresentantar i Stranda kommune, klagar vedtaket som fleirtalet i Stranda kommunestyre vedtok i sak 007 i kommunestyret den 13/2-2019, inn for fylkesmannen etter §59 i kommunelova.

I K-sak 007/19 er saksbehandlingsreglementet for Stranda kommunestyre brote jamf regelverket for slike saker der dette saksområdet er delegert til MK/PLA utvalget i Stranda kommune.

Liknande saker frå næringsavdelinga, vert gong etter gong gjennomført i strid med gjeldande saksbehandlingsreglement, utan at rådmannen tydeligvis bryr seg om reglementet som kommunestyret har vedteke.

Det vert alltid peika på «mangel på tid» eller hastverk til ein søknadsfrist, i saker absolutt ikkje eit einaste folkevalt organ har bestilt. Derimot ser vi at søknadsomfanget i denne saka er betydelig, noko som klart viser at rådmannen har vist om saka for svært lang tid tilbake, og kunne utan problem gjennomført korrekt saksbehandling.

I søknader til offentlige instansar, er det normalt krav om at søkjarane har kvalitetsikra sine løyvingar som grunnlag for søknaden, med lovmessige vedtak.

I søknadane som samla omfattar 1,8 million kroner i eigenfinansiering frå Stranda kommune, er det ikkje gjennomført forankring for dette, verken i budsjettvedtaket for 2019, eller i økonomiplanen 2019-2022. Det er heller ikkje gjennomført noko som helst budsjettjusteringsvedtak for dette, og noko som igjen skal behandlast av fylkesmannen med bakgrunn i at Stranda kommune fortsatt er i ROBEK fram til sommaren 2019.

Dette betyr at søknaden ikkje er juridisk bindande og er såleis ikkje reel.

**«Verken fylkesmannen eller departement kan ta stilling til denne søknaden, så lenge det økonomiske grunnlaget i søknaden frå Stranda kommune, ikkje har nødvendige vedtak i budsjett for 2019, og dette ligger heller ikkje inne i godkjent budsjett for Stranda kommune frå fylkesmannen for 2019»**

I møtet vart det også hevda frå både saksbehandlar og andre ang søknaden om «Klimavennlig areal og transportplanlegging», at dei tre partane skal stille med 500 000kr i egenandel, heilt utan at verken Stranda Hamnevesen KF eller Verdsarvstiftelsen har behandla denne saka, som grunnlag for søknaden frå Stranda kommune ang Klimasats midlar.

Verken Verdsarvstiftelsen som også har andre kommunar og fylkeskommunen som eigarar, eller Stranda Hamnevesen KF har behandla denne søknaden i sine formelle organ, og ingen dokumentasjon ligg vedlagt som syner at desse to sjølvstendige organisasjonane er med på noko som helst i desse prosjekta.

Desse opplysningane stemmer heller ikkje med søknaden, som syner at det **kun** er Stranda kommune som skal stille med eigner midlar til søknadane.

Såleis er søknaden svært ufullstendig og vil kunne føre staten bak lyset i denne saka.

I søknaden ang «Massivtre» er det også teke inn tre andre private partar/selskap i søknaden, i eit prosjekt til samla 540 000kr, heilt utan å bruke grunnlaget i lov om offentlige anskaffelser. Her skal det nyttast over 500 000 offentlige kr, heilt utan konkurranse om kven kommunen skal nytte som arkitekt eller byggjeselskap.

Søknaden viser til at det er eit heilt konkret tiltak søknaden gjelder ,

Sitat:

SK har bestemt seg for at når den nye brannstasjonen i Geiranger skal byggjast, skal den vere i massivtre.

Sitat slutt.

Eit slikt vedtak eller grunnlag for å meine dette, finnast ikkje. Har aldri vore bestemt i Stranda kommune at dette bygget skal byggjast i massivtre. Dette er noko administrasjonen og saksbehandlaren har «funnet på» sjølve.

Dei tre selskapa Ous og Emdal Bygg, HT bygg Hellesylt AS, ART Arkitekter og ingeniører er alle aktørar i det private markedet, som er aktørar for å kunne bygge den nye brannstasjonen i Geiranger.

Dette betyr, at heile grunnlaget som tre lokale byggaktørar legg til grunn i dette prosjektet, medfører betydelige fortrinn i prosjektet for ny brannstasjon i Geiranger, når dette prosjektet skal byggjast.

Ny brannstasjon kan byggjast i alle mulige byggemetodar og vi hevdar at dei tre entreprenørane som er medsøjarar, får eit urettmessig fortrinn overfor andre entreprenørar, når brannstasjonen i Geiranger til mange million kr skal byggjast.

At Stranda kommune berre kan velge 3 vilkårlige selskap inn i dette arbeidet , klarer vi ikkje å forstå kan vere lov, jamf lov om offentlige anskaffelser, spesielt når det her kun er snakk om bruk av offentlige midlar i prosjektet.

Hadde det i søknaden vore lagt opp til medverknad økonomisk frå dei tre selskapa, kunne dette vurderast, men hadde etter vårt syn fortsatt vore utanfor lovverket.

Vi ber fylkesmannen gå igjennom desse forholda, og avklare både saksbehandlinga i denne saka opp mot kommunen sitt eige reglement, om nødvendige lovlige og fylkesmann godkjente budsjettvedtak føreligg for bruk av 1,8 million kr frå kommunen, samt lov om offentlig anskaffelser.

I behandlinga av denne saka, vart blant anna representant Geir Frøysa (SP) som set i ordførarpartiet erklært inhabil som medeigar i HT bygg.

Kvifor vart han inhabil til å kunne vere med på denne saka, dersom det ikkje var ein realitet at HT bygg og dei to andre selskapa, er private aktørar som har stor nytte av denne saka og samarbeidet med kommunen?

Stranda kommune og regionen omkring oss, har mange små og store både arkitektelskap og entreprenørar, som sikkert meir enn gjerne hadde vore positive til å kunne «posisjonere seg» inn mot prosjektet for bygging av ny brannstasjon i Geiranger.

Derfor er det etter vårt syn openbart feil og ikkje i tråd med lov om offentlige anskaffelsar og bruk av offentlege midlar, at kommune her går direkte til nokre få selskap i ei slik sak. Dette spesielt i ei tid der det er stor konkurranse om alle byggjeoppdrag i vårt område.

Mvh


Frank Sve  
Kommunestyrerepresentant



Toril Ansnes  
Kommunestyrerepresentant



Ole Jørgen Sve  
Kommunestyrerepresentant.



## **Sak 07/19 - Status omkring forvaltningsrevisjon av oppfølging av minoritetsspråklege barn i Stranda kommune, ref KU sak 02/19.**

### **Bakgrunn:**

Sak 02/19 - Prosjektplan frå Kommunerevisjon 3 til forvaltningsrevisjon Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 2. februar 2019

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet set i gang arbeidet med ein forvaltningsrevisjon av oppfølging av minoritetsspråklege barn i Stranda kommune i samsvar med vedlagde prosjektplan.

### **Halde seg orientert undervegs.**

Etter at prosjektet er bestilt og fram til levering av ferdig rapport, er det viktig at kontrollutvalet held seg informert om status for prosjektet. Standard for forvaltningsrevisjon stiller ikkje nokon konkrete krav til form og innhald i ei slik rapportering, utover at det bør vere ein god kommunikasjon mellom revisor og bestillar.

Kor ofte og korleis det skal rapporterast undervegs i prosjektperioden, kan avtalast mellom revisor og kontrollutval, med utgangspunkt i kva kontrollutvalet treng og ynskjer. Faktorar som kan vere viktige i denne samanhengen er kva omfang og utstrekning i tid prosjektet har.

Andre viktige forhold kan vere kor ofte kontrollutvalet held møte, og dessutan utvalet si erfaring med forvaltningsrevisjon og/eller erfaring knytt til å samarbeide med den revisjonseininga som gjennomfører undersøkinga.

For prosjekt som går over lenger tid, kan det vere naturleg at revisjonen rapporterer status for prosjektet i kontrollutvalet sine møte undervegs i prosjektperioden. Rapporteringar kan medverke til at partane får avklara om undersøkinga blir utført i samsvar med kontrollutvalet sine intensjonar, og om framdrifta i prosjektet er tilfredsstillande. Kontrollutvalet forventar å få ei oppdatering i sitt møte måndag 8. april 2019.

### **Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa og oppdateringa til vitande.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat  
Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar



## **Sak 08/19 - Årsmelding 2018 - Stranda kontrollutval**

Kontrollutvalget i Stranda kommune

Forslag til Årsmelding 2018 - Stranda kontrollutval

Det blir vist til vedlagte forslag til årsmelding. På bakgrunn av ovanstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **vedtak:**

Det framlagte forslaget til årsmelding datert 1. april 2019 blir vedteke som årsmelding 2018 for Stranda kontrollutval.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutval sekretariat IKS

# STRANDA KOMMUNE KONTROLLUTVALET

## ÅRSMELDING FOR VERKSEMDA I 2018

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 77 er det pålagt for kommunane å ha kontrollutval.

Kommunelova har som føremål at kommunen si verksemd skal:

- tilrettelegge forholda for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre
- og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet og med sikte på ei bærekraftig utvikling.
- Legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som bygg på ein høg etisk standard

Dette gir mål for kontrollutvalet sitt arbeid og peikar ut ei retning for korleis utvalet skal utøve rollen sin. Desse måla skal vere å finne igjen i føremålet med både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon selskapskontroll og andre typar kontrollar. Årsmeldinga gir informasjon om kva for oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2018 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna måla.

Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 15. juni 2004. I forskrifta er det gitt reglar for val og samansetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat. Stranda kommunestyre har også vedteke eige reglement for Stranda kontrollutval.

Mellom anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskaper skjer på ein tilfredstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eigarskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i (selskapskontroll).

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjon. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd.

Etter valet i 2015 har utvalet hatt denne samansettinga:

Leiar: Inge Gjærde (H)  
Nestleiar: Helge Kvame (Ap)  
Medlem: Anne Melgaard Tårn (Sp)  
Medlem: Eva Rinde Habostad (Krf)  
Medlem: Ole Jørgen Sve (Frp)



## *Aktiviteten i året*

Kontrollutvalget har hatt 5 møte i 2018 og behandla 25 saker. Dette er ein høgare aktivitet enn forrige år, og aktiviteten er eit resultat av det behovet kontrollutvalet har hatt for å ta opp fleire saker.

Møtebøker frå kontrollutvalet sine møte blir oversendt kommunestyret til orientering. Kommunestyret får dermed løpande oversikt over aktiviteten i kontrollutvalet. I saker der kontrollutvalet gir innstilling eller uttalar til kommunestyret blir det sendt særutskrift og saksdokument til kommunestyret. Innstillingsretten i slike saker ligg til kontrollutvalet.

Det har blitt lagt vekt på å delta i relevante fora for å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Eit viktig bidrag her har vore den årlege kontrollutvalkonferansen. Når kontrollutvalget har ønska meir informasjon om kommunen si verksemd og samtidig gjere eigen funksjon meir kjent, har rådmannen blitt invitert for å orientere. Også revisor har blitt invitert til å orientere om revisjonsarbeidet.

I tillegg til behandling av kommunen sine rekneskap og årsmelding, har kontrollutvalet også sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpande oppfølging av kommunen sin økonomiske situasjon mellom anna gjennom behandling av kommunen sine økonomirapportar. Vidare har kontrollutvalet arbeidd med eigarskapskontroll av Stranda Eigedomsselskap AS, Stranda Energi AS og Byrg AS, ordførarens tilhøve til regelverk og praksis, disponering av viltfondet, val av tema for forvaltningsrevisjon 2019 og ymse orienteringar.

Medlemane i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgåver er mange og viktige. Derfor har det blitt gitt prioritet å styrke dette arbeidet. Kontrollutvalet har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen framstår som truverdig for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar. Tilsyns- og kontrollordninga skal medverke til å skape legitimitet til desse prosessane med ei kritisk og konstruktiv tilnærming. For å nå dette målet har det vore viktig med ein konstruktiv dialog med kommunen si leiing.

Inge Gjørde leiar	Helge Kvame nestleiar	Ole Jørgen Sve medlem	Anne Melgaard Tårn medlem	Eva Rinde Habostad medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)